

«Kjære redaktør – kjære tulling! Du har jo topp mulighet til å kaste skit fra din spalteplass; MEN da er det jo en stor fordel å besitte i alle fall litt intelligens – enig Jan Inge?»



«Truleg var det kjøpet av Skjolden Hotell og ikkje minst dei overambisiøse planane om gondolbane og helikopterbase som førte til Røysis delvise exit frå Skjolden. For lokalbefolkninga var perioden der Røysi eigde hotellet ein einaste lang nedtur. Det var enten stengt eller elendig drive.»



Konturane av nye Skjolden

ETTER ÅR MED heller vitlaus vekst, kjem det stadig fleire teikn på at Skjolden er inne på rett spor att. Det sporet som i si tid gjorde bygda til den verdskjende filosofen Ludwig Wittgenstein sin favorittplass.

Og slik satsing gir knopp-skyting i eit lite lokal-smfunn.

MEN FØRST EIT lite attendeblikk. Det gjekk unna i svingane på Skjolden då den utflytte kinsedalen Oddvar Røysi bestemte seg for å bruka nokre, nokså mange, faktisk – millionar kroner på å gjera bygda inst i Sognefjorden til ein attraktiv cruisedestinasjon.

INGEN KAN PÅSTÅ at Røys ikkje satsa, verken tid eller pengar. Han hevdar sjølv at han har investert ein kvart milliard kroner på Skjolden og det er det ingen grunn til å tvila på når me ser kva som har skjedd sidan Røysi kasta augene sine på heimkommunen.

MEN INVESTOREN SOM lenge har vore busett på Hønefoss, fekk aldri den forankringa i lokalmiljøet, den støtte og oppbakking som må til, om du verkeleg skal få til noko som varer på sikt. Noko som folk trur på og vil, og som er noko meir enn bygningar og kaianlegg.

I ETTERTID ER det elles god grunn til å stilla spørsmål ved korleis Røysi klarte å få bygd ut så godt som heile strandsona på Skjolden – frå elvemunningen og heilt ut på neset, utan ein einaste høyrbar protest? Men utleigebygga står no der, på pålar langt ut i sjøen og cruisekai og seawalk er på plass. Og Kaihuset har fått nytt liv! Så mykje bra har og skjedd.

TRULEG VAR DET kjøpet av Skjolden Hotell og ikkje minst dei overambisiøse planane om gondolbane og helikopterbase som førte til Røysis delvise exit frå Skjolden. For lokalbefolkninga var perioden der Røysi eigde hotellet ein einaste lang nedtur. Det var enten stengt eller elendig drive.

NYE SKJOLDEN HOTELL er noko heilt anna, drive av ein annan utflytt – men heimflytta – lustring som er oppteken av den lokale kontakten. Det jordnære og det kortreiste, det som er ekte og altså lokalt. Me registrerer ein heilt annan tone i omtalen av hotellet på Skjolden dei siste månadane og forstår kva dette betyr både for dei fastbuande og tilreisande.

TRULEG HAR DET aldri vore ei meir målretta satsing på dette hotellet enn nett no. Dette er eit stort løft for bygda. Det same er den nye matbutikken.

OG SLIK SATSING gir knopp-skyting i eit lite lokalsmfunn. Ei heilt anna knopp-skyting og ei heilt anna tru på framtida enn nokre tusen cruisepassasjerar, nokre månader i året fører med seg.

DET SOM SKJER på Skjolden no viser med stor tydelegheit kor viktig det var at dei folkevalde ikkje hoppa då Røysi sa hopp for gondolbane og helikopterbase. Me likar konturane av «nye» Skjolden og ser med stor spaning fram til fortsetjinga.

redaksjon@sognavis.no

Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisen blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avstrykk as, Førde,

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lund

www.sognavis.no



Oddvar Røysi ved cruisekaien i Skjolden. Foto: Fartein Rudjord

Næringsliv Investeringer

- Det er store penger. Vi river hele dritten

Investor Oddvar Røysi vil rive investeringer på en kvart milliard.

Anklager lokalavis

Oddvar Røysi retter også skyld mot lokalavisen Sogn Avis og sjefredaktør Jan Inge Fardal, som har omtalt både byggingen av cruisekaien og helikoptersøknadene på lederplass flere ganger.

- Den eneste avisen i distriktet tar til orde for at jeg ikke er velkommen og at jeg i mange år har kommet og ødelagt bygden. En avis har en voldsom makt, og redaktøren har hengt meg ut over lang tid, sier han.

Fardal avviser dette på det sterkeste.

- Det har jeg aldri skrevet, og det er feil. Vi har drevet normal journalistikk om prosjektene hans i området, sier Sogn Avis-redaktøren til DN.

Røysi viser særlig til en lederartikkel fra 19. juli i år der avisen omtaler de avslåtte søknadene som at «de folkevalgte ikke hoppet da Røysi sa hopp». I den samme artikkelen omtales også at Røysi i den siste tiden har trukket seg noe ut av Skjolden, blant annet var å selge et hotell han eide i byen, på denne måten: «Vi liker konturene av 'nye' Skjolden og ser med stor spenning frem til fortsettingen.»

Da står alle veier åpne for oss Jan Inge, og jeg har allerede med min Airbus flydd opp på Bolstadnosi konjakk og flyge drakt, dette fordi vi ikke har tid til å vente på gondolbanen Kinsedøl hadde tenkt å bygge. Jeg vet du er glad i god konjakk Jan Inge, så mens vi koser oss med konjakken, og har kommet godt på 'kant', prater jeg på deg flyge drakten. Under vegs som tonen i samtalevolumet øker og blir livlig, dytter jeg deg utfor stupet, og akkurat da festen med bakgrunn i rivningen er i full gang på Skjolden Hotell.

Hvil i fred og i flott natur Jan Inge- du får nok besøk før eller siden: uansett kommer 'reven' igjen på besøk til Skjolden.

MEN, siden Jan Inge nå ligger flat som en pannekake ved foten av Bolstadnosi, skal jeg synde meg å søke jobben som redaktør i Sogns Avis. Får jeg jobben – tror dere? Nei, det går ikke, jeg ville jo ha sultet i hjel på den NAV lønnen han visst nok har hatt.



Foto: Fartein Rudjord, dn.no

I sorg og ærbødighet,
Oddvar den Gode





**«Før eg
sjukmelde
meg kvidde eg
meg dagleg
til å gå på
jobb, hadde
vondt i magen,
oppkast,
hjaratebank og
var svimmel,
medan eg var
på kontoret.
Så sa det berre
stopp»**

Ti tidlegare tilsette fortel
om tida dei jobba
i Sogn barnevem.
Side 13-19



Framleis dramatisk høgt sjukefråvær

■ ■ Lagt over gjennomsnitt ■ ■ Betring går for seint

SOGNDAL: Sogn Barnevern slit framleis med dramatisk høgt sjukefråvær.

– Ja, me har framleis eit svært høgt sjukefråvær. Men me jobbar kvar dag med dette, og det går rette vegen, men alt for sakte, seier rådmann Jostein Aanestad.

Litt betre

Den siste oversikta for sjukefråværuviklinga i Sogndal kommune viser at Sogn barnevern har ein svært mykje høgare fråværsprosent enn alle andre.

I 2014 var sjukefråværet på 20,4 prosent, medan det i 2015 var eit låta betring, til 18,5 prosent. Det er langt over det nasjonale gjennomsnittet på rundt sju prosent i fråvær.

Under snittet

Og sjukefråværet i Sogn barnevern blir enda meir dramatisk når tala bli samanlikna med tilsvarande tal for Sogndal kommune samla. Snittfråværet i kommunen samla i 2014 var nemleg godt under landsgjennomsnittet med 6,3 prosent, medan det i 2015 var nede i 5,3 prosent.

Og det blir ikkje betre av at fråværet i Sogn barnevern har vore høgt i fleire år.

God tilgang

– Korleis klarar barnevernet å gje god nok teneste med slike fråværsstal?

– Me har heldigvis hatt god tilgang på kvalifiserte vikarar, men det seier seg sjølv at dette er ein tilstand me ikkje er nøgde med. Me freistar kvar dag å gjera noko med situasjonen, og det går altså rett veg, men alt for sakte, konstaterer rådmannen.

Sogn barnevern blir no styrkt med fleire stillingar i samband med at det har kome mindrearige asylsøklarar, og ifølgje Aanestad er det god søking til desse nye stillingane.

Kan ikkje stadfesta

– Etter det Sogn Avis får opplyst er det spesielt høgt sjukefråvær i desse dagar i Sogn barnevern. Det blir snakka om at rundt ti tilsette er sjukmelde samstundes. Stemmer dette?

– Eg verken kan eller vil kommentera talet på sjukmelde konkret, seier rådmann Aanestad, om Sogn barnevern som har rundt 15 heile stillingar.

Tiltaka

– Kva tiltak har de sett i verk for å få ned sjukefråværet?

– Me har jobba med arbeidsmiljøet og har tett oppfølging av den enkelte medarbeidar, svarar Jostein Aanestad som likevel må konstatera at det framleis er eit alt for høgt sjukefråvær.

– Er det spesielt krevjande å jobba i barnevernet, er det forklarings?

– Eg ynskjer ikkje spekulera i årsakene til dette. Men



SKYHØGT: Sjukefråværet i Sogn barnevern er framleis svært mykje større enn elles i Sogndal kommune.

det er mange som har svært krevjande oppgåver i kommunane rundt, så eg kan ikkje

sjå at dette nødvendigvis skal hengja saman, seier rådmann Jostein Aanestad.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

DET STARTA HER:

Vil leita i elv i dag

SOGNDAL: Leiteaksjonen ved Haukåsen endra i går status frå leiting etter ein sakna person til søk etter anteke omkomne person.

I dag vil spesialutdanna personar frå Røde Kors i Sogndal starta med søk i elv.

– Me har også eit opplegg for å sjekka utløpet til elvar, seier Arne Johannessen, regionlensmannen med det overordna ansvaret for leiteaksjonen. Han legg til at dei vil leita i eit veldig krevjande terreng.

Johannessen tykkjer det

er kjedelig at dei, etter å ha leita i fleire døgn, ikkje kan visa til resultat.

– Ikkje minst av omsyn til familien. Men det tyder ikkje at me stoggar leitinga, me går berre inn i ein ny fase der me tek vurderingar frå dag til dag. Me har framleis fokus på at me kan finna vedkomande.

Har ressursar

Leitemannskap har sidan måndag kveld søkt gjennom eit område på om lag 10.000 dekar, både grovsøk og finsøk. Mellom 60 og 100 personar har vore i aksjon kvar dag.

– Me har ikkje mangla ressursar, alle har stilt opp når

me har bede om det. Me har hatt helikopter med varmesøkande kamera, Norske redningshundar og tre politihundar frå Bergen, brann- og redningssetane, naturleg nok mange frå Røde Kors, Sivilforsvaret i tillegg til ein god del frivillige. Eg har eit stort behov for å gje uttrykk for ei anerkjenning av den jobben dei har gjort. Dei er uvurderlege i ein slik situasjon. Både profesjonelle og frivillige er svært viktige for oss å ha.

Etterforskning

Johannessen seier politiet også har fokus på tradisjonell etterforskning i denne saka, med vitneavhør blant anna for å finna dei siste



HAR VON: – Me har framleis som mål å finna vedkomande, seier regionlensmann Arne Johannessen. (Arkivfoto)

observasjonane.

– Politiet kan aldri sett bort frå noko i utgangspunktet, sjølv om alt tyder på at dette er ei tradisjonell saknasak.

Jan Egil Firreite
jan.egil.firreite@sognavis.no

Sommer'n kommer
KJØP SOLSKJERMING NÅ!
Fasade
PRODUKTER
www.fasadeprodukter.no GRATIS
RING 911 50 200 betaling





Jubel for Olav og Asvo

Side 14



114 år med butikk

ÅRHLAND: Bestefar Per Skjervdal (92 år) tok ansvar for snorklippinga under nyopninga av butikken på Vangen.

Side 31



På veg tilbake i føringa

Side 20 og 21

Sogn Avis

Laurdag

4. juni 2016 • Nr. 105

ÅRETS LOKALAVIS

Laussal kr. 30,-

Toyota Sogn

Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66



■■ Hovudverneombod kalla inn på teppe

- Eg kan ikkje fatta kvifor og korleis rådmann og kommunalsjef kan meina at det er feil at eit hovudverneombod engasjerer seg i ei sak der sjukefråværet

har vore så katastrofalt høg så lenge, seier Frank Nymark. I april var han kalla inn til møte med rådmann Jostein Aanestad og kommunalsjef Marit

Hagevik. Der meiner Nymark, som har engasjert seg i situasjonen rundt Sogn barnevern, at han vart forsøkt pressa til å trekkja seg frå vervet. Side 10 og 11



Rosa ungt engasjement

ÅRHLAND: Maren Mundal Skjelten fekk ginstaka velkommen til Bremuseet. - Me har bruk for dei unge sitt engasjement, seier kronprins Haakon Magnus. Kronprinsessa rosa Fjærland og bygdefolket for å ha støtta opp under Norsk Bremuseum gjennom 25 år.

Side 4 og 5



Storkontrakt til Impec

Side 7



Nybrottsarbeid i hagen
Side 20 og 21



Hardtslående VM-debutant
Side 24 og 25



Jonny's rushiistorie hjelper andre
Side 8 og 9

Sogn Avis

Laurdag 1. oktober 2016 • Nr. 190 ÅRETS LOKALAVIS Laussal kr. 30,-

Toyota Sogn
Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66



Uviss framtid for Tara

ARDAL: Tara Yousef Saed hadde endeleg funne draumejobben på mottaket. Meldinga om at mottaket no vert lagt ned var vond å få.

Side 10 og 11



Legg press på Luster

LEKANGER: Tre kommunar i Sogn er dytta nærare samanslåing. Fylkesmannen se tilråding aukar og på reformpresset på Luster.


Side 6 og 7



Rom for alle

LÆRDAL: Idrettsmiljøet har fått eit topp moderne fleirbruksbygg i Lærdal.

Side 16 og 17



Betalte erstatning for mobbing

Skreiv avtale med tre tilsette i Sogn barnevern

Tre tilsette i Sogn barnevern truga med søksmål etter å ha vorte mobba av sin tidlegare leiar i Sogn barnevern. Rådmann Jostein Aanestad (biletet) svara med å

betala erstatning og skaffa psykologhjelp. I tillegg lova han å framsnakka dei tilsette i Sogn barnevern i Sogn Avis. Dette kjem fram i avtalar som vart underteikna i mars 2015.

Gjennom avtalen fraskreiv dei tilsette dette handlar om, seg retten til å gå til rettslege steg mot kommunen eller tidlegare tenesteleiar om denne saka.


Side 4 og 5



7 49 0005 513 103



le sering



AVTALEN: Her er avtalen som rådmann Jostein Aanestad skreiv under i mars 2015.



OVERRASKA: Ordfører Jon Håkon Odd reagerer på kuvendinga til Sogndal kommune. (Arkivbiletet)

Reagerer på kuvendinga til vertskommunen

LEIKANGER: Sogndal kommune varslar motsegn til tilsynsrapporten om Sogn barnevern.

– Eg er overraska over kuvendinga til Sogndal kommune, seier Jon Håkon Odd, ordfører i Leikanger. Han viser til den siste utviklinga i samband med den mykje omtala førebelse rapporten som Fylkesmannen kom med like før jul, etter å ha hatt eit grundig tilsyn av Sogn barnevern.

Var samde

Leikanger er ein av dei fire eigarkommunane til Sogn barnevern. Difor var dei og inviterte til å vera med på møtet hjå Fylkesmannen før jul der dei vart orienterte om kva som kom fram i den førebelse rapporten, mellom anna 11 avvik i den sterkt kritiske rapporten. Ein rapport som gjorde at Leikanger kommunestyre tok han opp som ekstra sak på budsjettmøtet før jul.

– I møtet hjå Fylkesmannen signaliserte Sogndal kommune at dei var samde

med funna, og ikkje ville ha særlege motsegner. Det overraska meg stort då BT no skriv at Sogndal kommune vil koma med tilsvar med sterke motsegner på dei fleste av dei 11 avvika i rapporten. I BT-intervjuet med rådmann Jostein Aanestad stiller òg kommunen spørsmål om revisjonsleiaren for tilsynet kan vera ugild. Det overraska meg òg stort at denne informasjonen får me som eigarkommune via media.

Vil ha plan

Odd seier det siste utspelet forsterkar behovet for eit møte i eigarkommunane som har ansvaret for Sogn barnevern.

– Kva meiner du skal vera tema på dette møtet?

– Temaet må ein forberingsplan som Sogndal kommune skal leggja fram. Eg har særleg interesse av at Sogndal har anerkjent dei problema som Fylkesmannen har peika på. Det er eit heilt sentralt premis for å løysa dei utfordringar som Sogn barnevern har, seier Jon Håkon Odd.

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sgnavis.no

KRISA I SOGN BARNEVERN



Dei som ikkje orka meir

SOGDAL: I fleire månader har Sogn Avis freista å finna ut kva som har gått gale i Sogn barnevern. Kvifor og korleis ein organisasjon som så mange var så positive til, kunne kollapsa.

I DENNE PROSESSEN har me snakka med meir enn eit dusin tidlegare og noverande tilsette, 15 for å vera heilt nøyaktige. Dei fleste har slutta dei siste månadane. Me handsamar samlege som varslarar. Me har garantert dei full anonymitet. Alt tyder, diverre – på at dei har mykje å tapa på å stå fram. Og ikkje minst at dei har mykje å frykta. Nokre av dei tør ikkje ein gong fortelja sin historie anonymt, av frykt for å bli identifisert.

DEI FLESTE SKAL jo halda fram med livet sitt i denne regionen. Mange opplever at dei, i jakta på ny jobb blir stigmatiserte av si fortid i Sogn barnevern. At dei er uynkte rundt om. At dei får skuld og ansvar for det som har skjedd.

FLEIRE FORTEL AT dei ikkje ein gong er vortne kalla inn til intervju til jobbar dei er openbart er kvalifiserte for. «På bygda» høyrer dei at det er spreidd rykte om kor vanskelege dei er, kor mykje dei skal ha sutra. Så ja – dei har mykje å tapa. Difor er det ti historier som følgjer på dei neste sidene, ikkje 15. Men dei ti er sterke nok om korleis det har vore å jobba i Sogn barnevern i mange av desse åra.

ER DET NOKO som har prega samtalanene og møta våre og som går att i alle breva og e-postane, så er det den frykta desse damene – det er nemleg nesten berre damer som har vore sakshandsamarar i Sogn barnevern – har kjent og kjens-

ner på. Kva dei har vore igjennom på arbeidsplassen sin.

«Veit du kva, problemet dykkar er å få folk til å tru på dette. Korleis kan nokon tru at dette har skjedd – her i Sogn no – i vår tid?» Det var reaksjonen ei av dei tidlegare tilsette fekk etter å ha fortalt sambuaren sin om kva ho og hennar kollegaer har opplevd. Kva dei hadde gått gjennom. Og me er samde – dette er nesten ikkje til å tru.

SOGN AVIS HAR sakte, men sikkert grave oss ned i den materien som Sogn barnevern utvikla seg til å bli fram til sommarhausten 2016. Undervegs har me fått tilgang på fleire kilo med dokument. Det er både brev, dokument, utskrift av e-postar og sms'ar. Og det er interne rapportar og avtaler som er unnatekne offentlegheit. Og ja – mykje er av ein slik karakter at du ikkje vil tru at det er mogleg. Me hadde neppe trudd kor gale dette har vore, utan å få desse dokumenta, desse prova, i hendene. Ikkje minst den grundige og balanserte rapporten som ein ekstern konsulent sendte til kommunen våren 2015. Me har også dokumentasjon på utbetaling av erstatning på 150.000 kroner til tre tilsette for mobbing i tenesta.

I TILLEGG TIL alt dette har me intervju mange involverte, ansikt til ansikt, i grupper og på telefon. Og sist, men ikkje minst – har kvar og ein skrivne til Sogn Avis om tida si i Sogn barnevern. Dette er sett saman til den dokumentaren me publiserer i dag.

DESSE DAMENE, SOM har utdanna seg for å gjera den kanskje vanskelegaste, tøffaste, og viktigaste jobben du kan ha – er alle som ei – djupt fortvilt over at dei har måtta gje seg i Sogn barnevern. At dei ikkje orka halda fram i ein jobb dei

har lagt heile sjela si i. Fleire av dei har teke kompetansen sin vidare til andre kommunar, og alle er klare på at dei aldri kjem attende til Sogn barnevern med det eksisterande regimet.

SLIK HAR BARNEVERNSTENESTA for kommunane Sogndal, Leikanger, Luster og Balestrand vorte tappa for meir enn 80 år (enkelte hevdar over 100) erfaring frå dette vanskelege faget.

DET ER GRUNN til presisera at dei historiene, dei opplevingane og dokumenta denne dokumentaren byggjer på, er henta i heile perioden frå 2009 og fram til hausten 2016. Men at me, etter å ha fått tilgang på den nemnde rapporten som den eksterne konsulent leverte våren 2015, har konsentrert oss mest om perioden frå 1.1.2015 og fram til no. Omtrent den same perioden der Fylkesmann sin førebelse tilsynsrapport har peika på graverande brot på både lover og reglar.

DEI SISTE MÅNADANE er det kome mange nye kostar i den faglege delen av Sogn barnevern, og no går forhøpentlegvis alt så bra som det blir hevda. Samstundes er det einaste som ikkje er endra på topp-leinga.

DEI SOM HAR slutta føler dei har fått skulda for at det har gått så gale. Ingen i leiinga har teke noko som helst ansvar for at så mange har slutta. Ingen ansvarlege har spurt desse kvinnene om kva dei har vore gjennom. Nesten ingen politikar har vore i kontakt med dei. I kommunestyremøtet før jul var til dømes Arbeidarpartiet, som vanlegvis plar vera oppvekne av fagorganiserte sine rettar, mest oppvekne av leiinga sine arbeidsvilkår.

MELLOM ANNA DIFOR, men mest for å bidra til at dette ikkje skal skje igjen, har me laga denne dokumentaren om alle dei høgt utdanna damene, som ikkje orka meir, si tid i Sogn barnevern.



Jan Inge Fardal
KOMMENTAR



Som ein direkte reaksjon på Sogn avis si ein-sidede framstilling av arbeidsforholda i Sogn barnevern, velger eg å seia opp mitt abonement. Slik eg opplever det er avisa talerøyr og støttespelar for kun nokre utvalde. Takk for meg.

Vil berre først få skryta over den fantastiske jobben de har gjort i samband med saka om Sogn Barnevern. Rett og slett imponerende.

Hei Jan Inge. Kjempeflott reportasje/dokumentar du hadde laga laurdag. Har foreløpig utelukkande fått positiv respons og støtte, takk skal du ha for at du står på og ikkje gir deg:)

Sogndal Venstre vil takka redaktøren i Sogn Avis for god oppfølging i saka om Sogn Barnevern.

Godt jobba, og stå på vidare!

Spennande og sjå kva Sogn Avis føl opp med i denne saka. Keep up the good work :)

Eg må diverre trekke meg fra reportasjen du skal skrive om Sogn barnevern. Kommunen vil no starte oppsigelsesak på meg. Ein av grunnane til det er at eg ikkje er lojal og ikkje har tillit til rådmannen. Vidare er dei usikker på om det er eg som har lekka avtalene rådmann har laga med 3 tilsette i Sogn barnevern. Eg må no ikkje gjere noko som dei kan bruke mot meg som at eg ikkje er lojal mot rådmann og kommunen. Håpar ikkje dette kludrar det mykje til for deg. Du har sikkert nok du kan bruke lell. Kan bli ei god historie seinare dette.

Det er sikkert dumt å stikka hovudet fram, men eg tykte likevel at eg måtte skriva noko når ein del folk står fram og heiar både på rådmann, ordførar og fylkesmann. Takka vera Sogn Avis har denne saka vorte kjend for alle, sjølv om det er mykje som framleis blir halde tilbake. Eg vil seia det så sterkt at denne saka har vore verdt abonementet på SA åleine!

Så er det sikkert gjort feil på fleire sider i denne saka, men det betyr ikkje at det skal haldast skjult, og for meg er det det sentrale. Og sjølv sagt at uroa dessverre sannsynlegvis har gått utover dei aller svakaste som har fått ei dårlegare teneste. Eg tillet meg også å tvila på den rosenraude omtalen av tenesta slik den er no, magekjensle å støtta meg på, i tillegg kven som arbeider der for tida.

Jani Fardal tør utfordra og skriva om saker sjølv om han møter trenering, maktmisbruk og ymse manipulerande taktikkar frå alle hjørner i kommunehuset. Prisen er velfortent.

Sogn Avis ! Takk for rask og god re(d)aksjon vedk. Astrid i Fjørevegen ! - og ei stor takk for ei avisa der redaktøren verkeleg "tek tak".
DET set me pris på !

